



NYE BAND BLEI KNYTTE: Norske og tyske Montessori-elevar fann tonen med kvarandre under utvekslingsbesøket i Ølve. Frå venstre: Oliver, Silvan, Carlos, Martha, Linn, Rhine, Julie, Mia og David.

Knytte nye vennskapsband

Søsterskule: Førre veke hadde Ølve Montessoriskule utvekslingsbesøk av ein søsterskule i Berlin. Det baud på litt ekstra spennande skuledagar, samt nye vennskap på tvers av landegrensar.

Tyske og norske Montessori-elevar leikte, tøysa og lo godt saman då Kvinnheringen møtte dei på Ulvenes fredag føremiddag. Dagen starta med full fart i akebakken og litt snøballkrig, før vertinne for dagen og mor til to elevar ved Ølve Montessoriskule, Susanne Ulvenes, tok heile elevflokkjen og lærarane deira med på ei vandring for å sjå på vikinggravene.

– Det er fire tydelege gravhaugar her ute som stammar frå vikingtida. Kva type folk som har blitt gravlagde her, er eg usikker på. Men det var nok ein del folkeliv her i vikingtida. Det seiast at Olav Den Heilage var her ved eit høve. Ei elv her er oppkalla etter han, fortalde Ulvenes.

Åtte elevar og to lærarar frå Berlin fekk reisa til Ølve under dette første utvekslingsbesøket.

Den eine av lærarane var Marie Lehmann-Brauns, og ho tykte det var svært interessant å sjå korleis ein norsk søsterskule driv. Ho fortalde at dei fysiske rammene i klasseromma er nokså like som i Tyskland, mellom anna med undervisningsrom innreidde i ulike læringsstasjonar.

– Og som hos oss, så handlar undervisinga mykje om å gi elevane impulsar til å utvikla eiga læring i dei ulike faga, sjølvstøtt under god rettleiing av oss lærarar. Elles så synest også skulen i Ølve å vera glad i å leggja skuledagane ut av sjølve skulebygget. Heime i Berlin deltar vi aktivt i samfunnslivet ilag med elevane; vi går på utstillingar, føredrag, konserter og så vidare, fortalde Lehmann-Brauns.



ANNLEIS SKULEDAG: Casper og dei andre Montessori-elevane syntest det var kjekt å helse på folk og dyr på Ulvenes på fredag.

I april tek ho og skulen hennar imot ein liten delegasjon med elevar og lærarar frå Ølve Montessoriskule.

– Vi har allereie begynt å planlegga besøket litt, og har



tenkt ut ein del kjekke ting vi skal ta dei med på, freista ho.

God engelskundervising

Lærer Siri Holst Larsen ved Ølve Montessoriskule var svært begeistra for det ferske utvekslingsamarbeidet, som ho håpar vil bli langvarig.

– Dette er heilt i Maria Montessori si ånd, det med å knyta vennsksbands og gå hand i hand på tvers av landegrensar. Det er slik ein byggjer fred, og då må ein begynna med barna, sa ho.

Skuledagane med besøk hadde vore innhaldsrike og kjekke, men også ettermiddagane og kveldane baud på opplevingar.



– *Og som hos oss, så handlar undervisinga mykje om å gi elevane impulsar til å utvikla eiga læring i dei ulike faga, sjølvstundt under god rettleiing av oss lærarar.*

Marie Lehmann-Brauns
Lærer

– Gjestene er innkvarterte i private heimar, noko som nok er litt ekstra spennande.

Holst Larsen trekte òg fram språkaspektet ved besøket.

– Vi får jo verkeleg praktisert engelsken vår desse dagane, både elevane og vi vaksne, sa ho.

7. klassingane Linn Korsnes Stordale og Rine Midtun Stortvedt var av dei som har snakka ein del engelsk dei siste dagane.

– Kjempegøy å ha besøk frå Tyskland, sa dei samstemte.

Ein av dei som syntest det var gøy å vera på besøk, var Silvan Gruenbauer, elev ved den tyske Montessori-skulen.

– Eg har det veldig kjekt her i Ølve, det er morosamt å sjå korleis dei har det på skulen her. Elevane ser ut til å ha litt meir fridom enn oss. Men det er ikkje lov å ha snøballkrig inne på skuleområdet, fortalde han.

Han trekte òg fram stilla i Ølve, som han ikkje er vane med i Berlin.

– Heime er det alltid mykje bilar, bussar og folk overalt, mange lydar og inntrykk heile tida. Her er det veldig lite folk og trafikk. Veldig uvant, men litt godt òg, meinte han.



HISTORIETIME: Susanne Ulvenes (til venstre i bildet) er mor til to elevar ved Ølve Montessoriskule. Fredag tok ho imot ein heil delegasjon elevar og lærarar heime på Ulvenes, mellom anna for å visa dei vikinggravene i området.

ELISABETH BERG HASS

elisabeth@kvinnheringen.no